## KV har ein sterk posisjon

19.10.2015



Dagleg leiar Sæle får sterk ros av avtroppande ordførar

**Kvinnherad Vekstbedrift har ein sterk posisjon i kvinnheradsamfunnet og framstår som ei solid og godt drevet verksemd. Leiinga er løysingsorientert og profilerar bedrifta på ein god måte- Denne psositive attest gjev ordførar Synnøve Solbakken på tampen av si tenestetid i samband med den pågåande sertifiseringa.**

Solbakken peikar på at KV i dei seinare åra har levert gode resultat. Det går både på å etablera og driva spesielt

tilrettelagde arbeidsplassar og samtidig levera godt økonomisk resultat.

KV leverar det som er forventa av tilbod til funksjonshemma i kommunen når det gjeld etablering og drift av meiningsfulle arbeidsplassar.
Kommunen melder om behov for fleire slike og det er NAV som adminitrerer dette.

Opplevinga er at dei tilsette er stolte av arbeidsplassen sin og let vet over eit slikt tilbod.KV har hatt fokus på utvikling av nye produkt og utvikling vidare av nye og etablerte. Det same om etablering av nye tydar arbeidsplassar og etablering av arbeidsplassar.

KV har vist evne til å omsetje dette styringsfokuset til praksis, held Solbakken fram.

Tekst og nett:  Ola Matti Mathisen